

COWI AS
Postboks 4220 Torgarden
7436 Trondheim

20/02/2023

jlsk@cowi.com

Innspel til planprogram for E39, Gjemnes kommune

Statens Vegvesen har lagt ut framlegg til planprogram og silingsrapport for E39 Astad – Bjerkeset på høyring. Formålet er å gje betre framkomst på E39. Dette er med på å realisera ei politisk ønskjeleg samfunnsutvikling med ein utvida bu- og arbeidsmarknad langs heile E39. Ny vegline forbi Batnfjordsøra skal redusera reisetida og flytta gjennomgangstrafikken ut av sentrum på Batnfjordsøra.

Når det gjeld planprogram og silingsrapport har vi følgjande overordna innspel:

1. Trass i at framføring av veg i mange tilfeller er eit overordna og samfunnsnyttig tiltak må også denne typen tiltak, som dei fleste andre tiltak som har verknad på miljøet, tilpassa seg både nye konkrete krav og overordna føringar som handlar om å ta vare på miljø, naturgrunnlag og mulighet for matproduksjon. I så måte meiner vi at det verken i den konkrete planlegginga for ny E39 i Batnfjorden eller i dei generelle føringane som SVV legg til grunn for si planlegging blir tatt tilstrekkeleg omsyn til nye føringar for ivaretaking av natur- og ressursgrunnlag, dyrka og dyrkbar jord.

2. Ut frå pkt 1 meiner vi at det må arbeidast for å finna det alternativet som fører til minst nedbygging av dyrka og dyrkbar jord. I praksis vil dette sannsynlegvis innebera eit alternativ med lang tunell.

3. Dersom tilstrekkeleg finansiering er til hinder må eventuell bygging venta til finansiering er i orden.

4. I området som er aktuelt for vegbygging er det eit aktivt landbruksmiljø som har stor betydning i kommunen. I så måte er det ikkje berre det produktive landbruksarealet som må ivaretakast. I tillegg er det i det vidare arbeidet også viktig å ha ekstra fokus på at vegframføringa ikkje må hindra landbruksrelatert verksemd i området. Vi tenkjer t.d. på tilrettelegging for bruk av traktor og maskiner, tilførselsvegar, undergangar for storfe, traktor og maskiner, gjerding, m.v.

5. Lokalt i Gjemnes er det eit godt og konstruktivt engasjement for å finna ei god løysing for framføring av veg som fører til minst muleg nedbygging av jord. Vi ber om at planleggar og vegmyndighet dreg vekslar på dette positive og kunnskapsrike engasjementet.

Til vårt pkt 1 vil vi kort minna om aktuelle forhold og føringar som gjer at det må takast langt meir omsyn til dyrka og dyrkbar jord i samband med planlegging og reguleringsarbeid, også til vegformål:

- Ny fylkesstrategi for landbruk og jordvernmål for Møre og Romsdal, som legg opp til ei halvering av omdisponert areal i fylket.
- Bærekraftsmåla, der det blir lagt opp til at bærekraft skal leggjast til grunn i all offentleg planlegging.
- Naturavtalen, som skal bidra til å hindra meir nedbygging av produktivt areal.
- Prinsippet om arealnøytralitet, som skjerpar krav til meir effektiv bruk av areal.
- Hurdalsplattformen og brev til kommunane frå kommunal- og landbruksministrane om jordvern, der det heiter at jordvern skal vera eit overordna omsyn i arealplanlegginga.
- Klimaavtalen, ein bindande avtale om årleg reduksjon i utslepp av klimagassar.
- Nasjonal jordvernstrategi, som no blir skjerpa for 3. gong på få år og som klart seier at omdisponert areal skal ytterlegare reduserast.

Det blir anslått at samferdselstiltak i snitt krev 1700 da jordbruksareal pr år i Norge. Dette må klart reduserast.

Med helsing
JORDVERN MØRE OG ROMSDAL

Øystein Solli

Atle Frantzen